

Årsmelding 2019

Bryne Kunstforening

Innholdsliste

Utstillinger og arrangement
Publikum
Årsmøte
Arbeid i styret
Ressursgruppa
Medlemmar
Leif
Representasjon
Juleutodding

Årsmelding for Bryne kunstforening 2019

Utstillinger og arrangement

16.02 – 17.03 **Første utkast / Adolescent Outcast**, *Brynhild Elvira Winther*

På opninga var det musikkinnslag ved Psyko Blasfemi, eit «ungt, aggressivt garasjeband frå Bryne». Opning ved Kirsti Sandved.



Første utkast Adolescent Outcast

BRYNHILD WINTHER

Opning laurdag 16. februar 2019 kl. 12.00, 3. etasje Bryne mølle

Musikkinnslag ved Psyko Blasfemi under opninga

Oppe: Laurdager kl. 12.00 – 16.00

Sundager kl. 13.00 – 17.00

Utstillinga er støtta av: Norskisk kunstnerveter Dale / Bergen kommune / Norske kunstforeningar

Utstillinga står til 17. mars 2019



Utstilling fekk brei førehandsomtale i Jærbladet samt reportasje frå opninga i mølla og intervju med kunstnaren.

På opninga var det 80 frammøtte og tilsaman 211 såg utstillinga. 2 verk blei selde.

Som ein del av Livsgledefestivalen arrangerte BKF teikneverkstad for born med Stine Rommetveit 9.3. Tilsaman 45 foreldre og born deltok.

Knytt til utstillinga arrangerte Bryne kunstforening eit kveldsarrangement torsdag 7. mars. Det vart innslag ved forfattar og årets stavangerkunstnar 2019, Kristin Auestad Danielsen, og kunstbad-samtale mellom dei to kunstnarane. Arrangementet vart halde i utstillingslokala i Bryne mølle med tittelen *Går det an å spira utan å bryta fram?* Publikumstalet på dette arrangementet var 35.

Utstillinga fekk kr 5000 i støtte frå Norske kunstforeningar.

brynekunstforening.no/2019/brynhildwinther



MINNE frå ulike landskap

OLA NORDSLETTEN

Opning laurdag 6. april 2019 kl. 12.00, 3. etasje Bryne mølle

Musikkinnslag ved Erlend og Sigrud Undheim Lygren

Torsdag 11. april kl. 19.00, Bryne Mølle

BYVIND NORDSLETTEN KASERER OM FARENS LIV OG KUNST

Inngang kr. 100,- inkl. billett betjening

Oppe: Laurdager kl. 12.00 – 16.00

Sundager kl. 13.00 – 17.00

Utstillinga står til 12. mai 2019



06.04 – 12.05 - **Minne frå ulike landskap**,
Ola Nordsletten


På opninga var det musikkinnslag ved Sigrud Undheim Lygren og Erlend Lygren. Opning ved Kirsti Sandved og Herborg Kverneland. Utstillinga vart meld av Trond Borgen i Stavanger Aftenblad og det var førehandsreportasje i Jærbladet.

På opninga var det 120 frammøtte og tilsaman 291 såg utstillinga. 47 verk varrt selde, det var nesten alle som var med på utstillinga.

11.04 hadde BKF eit kveldsarrangement der Øyvind Nordsletten kåserte om farens liv og kunst. Det var 85 frammøtte på dette arrangementet.

brynekunstforening.no/2019/olanordsletten

25.05 – 23.06 Tegninger fra 60-tallet til i dag, Kjell Pahr-Iversen



Musikkinnslag ved Vidar K. Schanche, opning ved forfatter Helge Torvund. På opninga var det 100 frammøtte og tilsaman 188 såg utstillinga. Det vart seld tilsaman 7 verk.

Trond Borgen melde utstillinga i Stavanger Aftenblad

28.5 var det eit sidearrangement kor Trond Borgen snakka om kunsten og spesielt teikningane til Kjell Pahr Iversen. Saman med kunstnaren viste han rundt i utstillinga. Arrangementet

samla 47 deltakarar.

Utstillinga fekk kr 5000 i støtte frå Norske kunstforeningar.

<https://www.brynekunstforening.no/2019/kjellpahriversen>

12.09 – 06.10 Regnbogeoske og drakeeim, Kjell Folkvord



Opning ved Sigvart Zachariassen, Lars Ole Bergersen spelte fiolin. Kjell Folkvord viste rundt i utstillinga og snakka om sin kunst. På opninga var det 60 frammøtte og tilsaman 131 såg utstillinga. 4 av verka som blei vist på utstillinga blei selde.

Det var førehandsomtale i Jærbladet. Kunstnaren hadde besøk av ein klasse frå Bryne vidaregåande skule

<https://www.brynekunstforening.no/2019/kjellfolkvord>

19.10 – 17.11 **Kullteikning og tresnitt, Bernhard Østebø**



Opning ved Inger Åse Høyland Braut, Martin og Grete Våland hadde musikalsk innslag. Utstillinga er ei vandretstilling i støtta av Rogaland Fylkeskunstlag. Åpningutstillinga i Stavanger fekk melding i Stavanger Aftenblad. Utstillinga på Bryne fekk fyldig omtale i Jærbladet.

På opninga var det 55 frammøtte og tilsaman 80 såg utstillinga.

Sundag 17.11 var kunstnaren til stades for å møta publikum, snakka om kunsten og visa rundt i utstillinga.

brynekunstforening.no/2019/bernhardostebo

30.11 – 22.12 - **Teikning, Ottar Karlsen**



Opning ved kunstnar Tove Kommedal. Det var planlagt at Karina Siegmund også skulle delta på denne utstillinga, men ho måtte melde forfall kort tid før opninga.

På opninga var det 27 frammøtte og tilsaman 47 såg utstillinga.

brynekunstforening.no/2019/ottarkarlsen

Publikum

Samla besøkstal på utstillingar og arrangement i 2019 har vore 1130.

Utstilling	Besøkande opning	Besøkande	Besøkande totalt	Solgte verk	Arrangement
Brynhild Winthe	80	131	211	4	35
Ola Nordsletten	120	171	291	47	85
Kjell Pahr-Iverse	100	88	188	7	47
Kjell Folkvord	60	71	131	4	15
Bernhard Østebø	55	25	80	-	
Ottar Karlsen	27	20	47	-	
Sum	442	506	948	62	182

Årsmøte

Årsmøtet vart halde 19. mars 2019 i Bryne mølle. 21 medlemmar møtte.

Det hadde ikkje lukkast valkomiteen å finna ny leiar. Valet blei difor halde på ekstraordinært årsmøte 11.04. Styret 2020-21 er samansett slik:

Sigvart Zachariassen (leiar)
Inger Aase Høyland Braut
Leif Andenes
Torfinn Edland
Nils Anders Refvik
Lisa Hognestad
Borghild Aase
Linda Nora Rogn
Edny Hammervold (vara)
Michael Evans (vara)

Etter årsmøtesakene fekk vi ei kort orientering om videokunst generelt, og deretter ein film samansett av fem videoar frå Haustutstillinga i 2018, formidla av Norske kunstforeningar. Helge Hansen: A Walk on the Beach, Andrea Lange: AH UM, Marius Mathisrud: FreeDOOM Fighter, Karou Calamy: Hajar og Franciska Eliassen: Imellom /Blue borders.

Etter årsmøtet var det ein open diskusjon om oppretting av kunstnarleg råd. Det var mange konstruktive og positive innspel til å oppretta kunstnarleg råd, mange meinte det vil bidra til å auka og sikra kvaliteten av utstillingsprogrammet og kan gjera Bryne kunstforening meir attraktiv for blant kunstnarane.

Arbeid i styret

Det har 8 styremøte i 2019. Styret har arbeid med desse sakene:

- Sett opp utstillingsprogram for 2019-2021
- Utarbeid forslag til retningslinjer for eit framtidig kunstnarleg råd

- Utvikla rutiner og sjekklister for den som er ansvarlig for gjennomføring av eit utstillingsløp – frå A til Å.
- Organisering av arbeid med utstillingsprogram. Ei lita gruppe (Kjersti, Linda og Sigvart) har gjennomgått søknadar og forslag som har vorte gjennomgått og klubba av styret.
- Oppfølging av lokale kunstnarar – etablert system for dette og hatt samtaler med nokre kunstnarar
- Arbeidd meir systematisk med sidearrangement og kobling til andre kunstnarlege uttrykk
- Forvaltning av kunstsamlinga
- Oppfølging av planar for bygging av magasin på loftet.

Det er handlingsplanen for 2019-2020 som var vedteken på årsmøtet som har lege til grunn for arbeidet i styret.

Ressursgruppa

Kva skulle me gjort utan ressursgruppa? Snekring, maling, rigging, bæring av uhyggelig store og tunge glasplater opp dei smale trappene, opphenging, pakking, kjøring, kaffikoking, matlaging og ikkje minst smørjing av det gode maskineriet som må til for å få på plass utstillingar og arrangement. Alltid på pletten med godt humør og utstyret som trengs.

Medlemmar

BKF har i 2019 hatt 83 betalande medlemmar.

Leif

Leif Andenes, heidersmann, æresmedlem i BKF og styremedlem i 50 år døydde 12.10.2019. Det vart skrive minneord til avisene og tidlegare leiar i BKF Karin Sunderø heldt minnetale i gravferda. BKF var teknisk arrangør for minnesamvær i Bryne mølle.

Representasjon

Rogaland fylkeskunstlag: Lisa Hognestad vart vald inn i styret i Rogaland fylkeskunstlag på fylkeskunstlaget sitt årsmøte 6. april i Bryne mølle. Lisa avløyste Kirsti Sandved som representant frå Bryne kunstforening.

Årsmøtet i Norske kunstforeningar: Kirsti Sandved deltok på kunstfestival med årsmøte i Norske kunstforeningar i Haugesund 9. – 12.05. Grafikkfestivalen i Haugesund var del av arrangementet. Bryne kunstforening hadde på førehand sendt inn innspel til organisering av Norske kunstforeningar, noko som var sak på møtet.

Juleutlodding



Årets bilete var måleriet *Terner på Strand* frå 1973 av Gunnar Haukebø. Biletet vart kjøpt inn etter ei separatutstilling i Bryne kunstforening i 1974 for 2.000 kroner

Vinnar var Olav Øgaard.

Statistikk